

Svarteliste for digitale læremiddel

Desse appane, nettsidene og dataprogramma er i bruk i nynorskskular i dag, men finst berre på bokmål. Dei er alle læremiddel etter opplæringslova og skulle ha kome i både nynorsk og bokmålsversjon. Lista er ikkje fullstendig, og me er avhengige av tips frå lærarar og foreldre om læremiddel som bryt opplæringslova. Send oss gjerne tips til e-post: marit.tenno@nm.no. Lista er sortert etter fag.

BYRJAROPPLÆRING

Skoleskrift

Utviklar: Karin Ohlis AB

Eit enkelt skriveprogram med bokstavlyd (tastelydprogram). Les opp bokstav og ord gjennom talesyntese.

Se bokstavlyden

Utviklar: MV-Nordic

Syner, med animasjon, korleis bokstavlyden skal uttalast.

Ordlek XL

Utviklar: GI Labs AS

Staveprogram med 200 ord på bokmål.

Ordo

Utviklar: Torje Rorvik

Ordøveprogram

Poio

Utviklar: Poio AS

Lesespel for lesetrening

Se bokstavlyden

Utviklar: MV-Nordic

Lesetreningsspel

MATEMATIKK

Matemagisk

Utviklar: Aschehoug

Appane som høyrer til Aschehoug sitt matematikkverk, finst ikkje på nynorsk (sjølve matematikkbøkene på papir og nett finst i nynorskversjonar).

King of Math jr og King of Math

Utviklar: Oddrobo Software AB

Mattespel der du svarar på mattesporsmål og løyser nøtter. Berre på engelsk.

Math Learning Center

Utviklar: Math Learning Center

Mattelæreverkøy, finst berre på engelsk.

OKTOBER 2019